



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
46/2019	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	11.06.2019
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	PlanID-2018002, Gbnr-22/91 m.fl.	18/1258

### DETALJREGULERING FOR KOLLEKTIVTERMINAL I DALE SENTRUM, PLANID 2018002

#### 2. gongs handsaming

##### Vedlegg:

Føresegner 22.05 2019  
Plankart-220519-A3-L  
Planomtale 22.05 2019  
ROS-analyse - Dale kollektivterminal 21.05.2019 - Revidert  
Høyringsmerknader samla  
Støyutgreiing  
1350019831\_Arealtabell.FocusArealplan-220519  
RIVA-NOT-01\_Dale\_Kollektivterminal

##### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar detaljreguleringsplan for Dale kollektivterminal, PlanID 2018002, etter Plan- og bygningslova § 12-12, med plandokument:

- Føresegner datert 22. mai 2019
- Plankart datert 22. mai 2019
- Planomtale datert 22. mai 2019

##### Saksopplysningar:

Planforslag for kollektivterminal på Dale har vore til høyring. Etter merknadsoppsummering er planforslaget bearbeidd og endra. Saksframlegget gjer greie for dette. Vaksdal kommune er forslagsstillar, i samarbeid med Hordaland Fylkeskommune (Hfk), som har sektoransvar for kollektivtransport i Hordaland.

Plandokumenta fremja for vedtak gjeld Dale kollektivterminal, planID 2018002;

- Føresegner datert 22. mai 2019
- Plankart datert 22. mai 2019
- Planomtale datert 22. mai 2019

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Reguleringsplanen har som utgangspunkt å gje ei trafiksikker og effektiv terminal for busstrafikk til/frå Dale. Både skuleskyss, lokale, regionale og nasjonale busslinjer vil nytte denne.

Reguleringsplanen vil vere første trinn i prosessen, og grunnlaget for prosjektering, etterfulgt av investering frå Fylkeskommunen. Den er oppført i Fylkeskommunen sitt investeringsbudsjett for bygging i 2020-2021.

### Formelt grunnlag

KOM 28/2018

FPØ 67/2018

FPØ 09/2019

Plan og bygningslova

### Bakgrunn for saka

Målet med kollektivterminalen er å samle regionale bussruter, innfartsparkering, skuletransport og hente/bringe-funksjon til skulen i eitt område.

Planområdet ligg langs Dalseidvegen, mellom jernbana/E16 og barne- og ungdomsskulen.




Figur 2; Dale sentrum - planområdemarkert med raud ring

Planen har kome til i eit samarbeid mellom kommunen, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Hordaland fylkeskommune som har regionalt ansvar for kollektivtransport, og som gjev tilskot til utarbeiding av reguleringsplan og prosjektering av terminalen. Statens vegvesen er involvert gjennom sektoransvar og «sams vegadministrasjon», samt at Dale er eit kollektivstopp for E16.

Reguleringsplanen for kollektivterminalen er knytt til ny skule på Dale, og er plassert mellom Dalseidvegen og skuleområdet. Det er sett av 4 oppstillingsplassar for buss, etter samråd med Hfk/Skyss. Oppstillingsplassane er forma med «sagtannsløysing» og plassert langs ein støyskjerm mot skuleplassen. Snuareal for bussane er lagt nord for terminalen, på eigedom som i dag utgjer

Dalseidvegen 13. Den delen av eiegen som ikkje vert nytta til kollektivterminalen blir regulert til grøntstruktur. Val av løysing og plassert vart gjort av Kommunestyret i møte 7. mai 2018. Dette alternativet var også tilrådd av Hfk/Skyss og Statens vegvesen (Svv).




Figur 1; Kollektivterminal med «sagtannløysing» langs Dalseidvegen, snusløyfe i Nord

I prosessen har det vore dialog med fleire av grunneigarane, og deira innspel har vore del av grunnlaget for høyringsframlegget.

Planforslaget har vore til høyring og offentlig ettersyn, og 5 offentlege etatar har kome med innspel. I hovudsak er desse knytt til tryggleik; trafikktryggleik, sikring mot jernbane, omsynssoner for skred osv. Løysingar for støyskjerming har også vore viktige, og dette er skildra med to alternativ. Endringane er mest av teknisk karakter, og ein del presiseringar er gjort i føresegnene.

Planområdet ligg i Dale sentrum og omfattar Dalseidvegen med tilliggjande areal. Nord i planområdet inngår to bustadeigedomar og ei næringstomt. I aust inngår delar av skuleområdet. I vest inngår vegetasjonsbelte mellom Dalseidvegen og jernbana.



Figur 3; Planområde med illustrert eigedomstilhøve

Vaksdal kommune står som eigar av størstedelen av planområdet. I tillegg inngår nokre private bustadeigedommar og ein privat næringsseigedom. Vest i planområdet ligg jernbaneareal eigd av Bane NOR.

### Prosess

Sak om kollektivterminal vart handsama i kommunestyret 7. mai 2018. Som grunnlag for saka var det utarbeidd ei alternativvurdering der to ulike løysingar vart presentert i tillegg til eit «null-alternativ». Kommunestyret tilrådde å gå vidare med alternativ «Dalseidvegen nord», som også var tilrådd av Skysst og Statens vegvesen (Svv). Det er dette alternativet som ligg til grunn for reguleringsforslaget.

Varsel om oppstart av reguleringsarbeid vart annonsert på kommunen sine nettsider og i Vaksdalposten 18. oktober 2018. Offentlege instansar, grunneigarar, naboar og andre interessentar er varsla med brev. Frist for innspel var sett til 4. desember. I samband med oppstart hadde kommunen open kontordag i heradshuset på Dale. To grunneigarar møtte opp for å få informasjon og komme med innspel til løysing for deira eigedomar.


Fpø vedtok i møte 4. februar 2019 offentleg ettersyn og høyring av planutkast for detaljreguleringsplanen, og planforslaget var til høyring frå 20. februar 2019 til 4. april 2019. Det kom inn fem merknader til planforslaget – alle frå offentlege høyringsinstansar; Hfk, Bane NOR, Svv, NVE og Fylkesmannen. Planomtalen kapittel 2 gjer utfyllande greie for merknader og handtering/ending. Det har vore synfaring med Bane NOR og Statens vegvesen, og dialogmøte med Fylkesmannen etter høyringsperioden.

## Endringar i planforslaget etter offentlig ettersyn og høyring

Det er gjort fleire mindre endringar i plankart og føresegner med bakgrunn i merknader frå høyringsinstansane. Dette er i all hovudsak endringar av planteknisk karakter for meir presise føremålsnemningar og bruk av omsynssoner, samt betre og meir målretta føresegner. Den største endringa i planen er at parkeringsplassane har fått ny utforming og talet plassar er redusert.

Fleire av høyringsinstansane spør kor mange innfartsparkingsplassar det er behov for. Hfk/Skyss har ikkje tal for dette. Talet på parkeringsplassar er redusert frå 30 til 19, som følgje av endra utforming knytt til betra trafikktryggleik. Parkeringsplassane kan nyttast fritt til parkering av ulike formål (parkering for tilsette ved skulen, skulearrangement og anna), og kommunen har ikkje definert kor mange plassar som skal nyttast til innfartsparkering. Dette kan gjerast seinare.

Eit sentralt tema som går igjen i fleire av i høyringsuttalane, er tryggleik - det vere seg trafikktryggleik, god nok sikring mot jernbana eller sikring mot ras og skred. Dette er adressert gjennom meir utfyllande reguleringsføresegner. Trafikktryggleik er særleg viktig i nærleik av ein skule. Vidare detaljprosjektering av kollektivterminalen, veg og p-plassar må følgje opp med vidare avbøtande tiltak for å betre tryggleiken.



Figur 4; Skissert løysing for P-plassar langs Dalseidvegen vest

For støyskjerming av skuleplassen er det skissert to løysingar. Støykart syner i hovudsak to støykjelder, frå E16 og jernbana. Av desse er støybelastninga frå E16 den dominerande. Kommunen ynskjer primært å løyse støyskjerminga langs E16, i lag med lav støyskjerm (1,5 m) langs skuleplassen i vest. Dersom dette ikkje er gjennomførbart kan støyskjerming etablerast langs skuleplassen, 3,5 m høg. Føresegnene tek høgde for begge løysingane. Utearealet til skulen skal ha maks støynivå på 55 dBA.

## Vurdering og konsekvensar

Planforslaget er ikkje i konflikt med overordna planar, og planforslaget har i liten/ingen grad innverknad på staden sin karakter og landskapsform. Støyskjerming langs E16 vil vere visuelt betre for Dale enn høg støyskjerm langs skuleplassen. Det er ikkje registrert verneverdige kulturminne i planområdet, og planforslaget vil heller ikkje ha innverknad på kulturminne utanfor planområdet, jamfør Planomtale side 18.

Planen vil påverke køyremønsteret både til rute- og skulebussane. Dei treng ikkje lenger køyra inn i sentrumsgatene, men stoppar langs Dalseidvegen. Tilrettelegging for parkering fører også til mindre køyring i sentrumsgatene, då dei som skal til aktivitetar på skulen kan parkere langs Dalseidvegen. Det kan bli auka trafikk langs Dalseidvegen, dersom folk nyttar tilbodet om innfartsparkering og reiser kollektivt vidare. Trafikkbildet vil i begge høve berre bli marginalt påverka.

Både bussterminal og parkeringsplassar er nye element som gjer at trafikkbildet i området blir meir komplekst. Situasjonen for mjuke trafikantar er betra med etablering av fortau langs Dalseidvegen, men det vil bli meir fotgjengarkryssing over Dalseidvegen på grunn av nye parkeringsplassar.

Planforslaget har innverknad på barn sine interesser i den forstand at det legg til rette for skulebuss og skjerming av uteareal til skulen. Barn sine interesser vert ikkje redusert som følgje av tiltaket. Også universell tilgjenge vert betra i området ved etablering av fortau, og ved møblering, lyssetting og ledelinjer på kollektivterminalen.

Planforslaget har ikkje innverknad på teknisk infrastruktur. Eksisterande pumpestasjon vert liggande som i dag. Ein legg til grunn at eksisterande anlegg for overvatn har tilstrekkeleg kapasitet, men dette må undersøkast nærmare i prosjekteringsfasen. Det er utarbeidd notat for overvasshandtering.

Tiltaket involverer kommunen, Hfk samferdsel/Skyss og SvV.

Planforslaget har konsekvensar for fleire private eigedomar. Det har vore fleire møter med Falkanger Bygg, som ynskjer innløyning av eigeiomen. Og med grunneigar for Dalseidvegen 3A-B, som får stengt utkøyrslar til Dalseidvegen og opna til Markvegen (kommunal grunn) som ny løyning.

Det er ikkje registrert interessei motsetningar i planarbeidet. Det har vore god dialog med grunneigarar som vert råka av planforslaget, og det har så langt vore einigheit om løyningar. Kommunen har ikkje mottatt merknader til planforslaget etter høyring frå dei lokale partane som er råka.

### **Økonomi**

Det vert arbeidd med kostnadsanslag og eventuell gjennomføringsavtale mellom Hfk, SvV og kommunen. Hfk har prioritert kollektivterminal på Dale i sitt investeringsbudsjett for 2020 og 2021. «Sams vegadministrasjon» mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen opphøyrer ved nyttårsskiftet. Fylkeskommunen skal inn i Vestland fylke. 2020 vil vere første år med budsjett for Vestland, og Statens vegvesen er i fase for omorganisering. Spørsmål om gjennomføringa må avklarast i komande fasar.

Rådmannen tilrår Kommunestyret vedtak av detalreguleringsplan etter Plan- og bygningslova § 12-12.